





NORSK REISE-LIVSMUSEUM




Kunstner: Børre Sæthre
Ferdigstilt: 2016
Kurator: Ole John Aandal
Foto: Ole John Aandal
Grafisk design: Ulf Carlsson



Kunstnaren Børre Sæthre (NO) tar naturen med seg inn i Norsk reiselivsmuseum i form av lysdropar som beveger seg i trappeoppgangen mellom to etasjar.

Børre Sæthre har laga ein lysskulptur som reiser seg åtte meter gjennom to etasjar i Norsk reiselivsmuseum. Kunstverket, som har fått tittelen *Untitled (landscape / gravitating drops)*, er ein stor svart kube med kvitt led-lys som pulserer i fallande bevegelsar. Sæthre vann den opne prekvalifiseringa for direkte oppdrag, og han ønskete å lage eit slitesterkt verk som toler tidas tann. Verket er plassert i trapperommet. Eit slikt område er ofte anonymt, men i Norsk reiselivsmuseum er transportetappen frå første til andre etasje blitt ei oppleving i seg sjølv. Trapperommet er kledd inn i mørke plater, og led-lyset fer nedover veggane som dropar. Kunstnaren ønskjer med dette enkle grepet å gå i dialog med naturen utanfor. Sidan bygget er skore inn i fjellet, er tanken at lyset er som ein istapp eller drope i ei grotte, manipulert inn i museumslokala.

Norsk reiselivsmuseum blei etablert som ein sjølvstendig stiftelse i 1986, under namnet Vestnorsk Reiselivsmuseum. Museet var først etablert i tre antikvariske bygg på kaia i Balestrand, men planen var heile tida å reise eit moderne museumsbygg. I 2007 vann Askim/Lantto Arkitekter konkurransen om å utforme bygget. Hovudideen er å aktivt inkludere fjellet i arkitekturen for å skape ein heilt spesiell attraksjon kopla til opplevinga av norsk natur. Grunnlaget for samlinga og formidlingsopplegget i museet er ei særeigen tolking av omgrepene reiseliv. Reiseliv blir sett på som både produksjon og konsum. Museet samlar på reiselivskildringar og gjenstandar frå heile landet, og blir slik eit nasjonalt dokumentasjonssenter. I formidlinga blir både klasiskes museumsutstillingar og høgteknologiske løysingar nytta. Det teknisk avanserte formidlingsmaterialet kan også distribuerast rundt om i landet ved hjelp av moderne medium.



Børre Sæthre (f. 1967) er ein av dei mest profilerte kunstnarane våre. Sidan 90-talet har han markert seg både nasjonalt og internasjonalt med omfangsrike og karakteristiske installasjonar. Sæthre har hatt separatutstillingar ved Bergen Kunsthall (Festspelutstillinga 2007), Astrup Fearnley Museet i Oslo og Museum of Modern Art (MoMA) i New York. Kunstnaren er opphavleg frå Hamar, og bur og arbeider i New York.